

Prinsippprogram 2009 - 2013

1	Innleiing.....	2
2	Næringspolitikk	4
2.1	Norsk landbruk i internasjonal samanheng	4
2.1.1	EU-saka	4
2.1.2	WTO og internasjonale avtalar	5
2.1.3	Internasjonale alliansar og bistand	5
2.2	Inntekt og skatt	6
2.2.1	Inntekt og sosiale tilhøve.....	6
2.2.2	Skattar og avgifter – rammevilkår.....	7
2.3	Matforsyning og matmarknad	7
2.4	Verdiskaping – næringsutvikling	8
2.5	Eigedomsrett og ressursforvaltning.....	9
2.5.1	Grunneigarrettar	9
2.5.2	Energi og klima	10
2.5.3	Ressursforvaltning og miljø	11
2.5.4	Jordvern.....	12
2.5.5	Vassforvaltning	12
2.5.6	Rovviltforvaltning	13
2.6	Kvalitetsproduksjon	13
2.6.1	Rein mat frå reint miljø	13
2.6.2	Helse, miljø og sikkerheit.....	14
2.6.3	Rekruttering, utdanning, kompetanseheving og forskning	15
3	Kommunikasjon og omdømme	17
3.1	Media.....	17
3.2	Politisk påverking og alliansebygging	18
3.3	Utetterretta aktivitetar og haldningsskapande arbeid	18
4	Organisasjon.....	19
4.1	Aktiv organisasjon.....	19
4.1.1	Medlemsverving.....	19
4.1.2	Kvinner i landbruket.....	19
4.1.3	Demokratiet i organisasjonen – intern kommunikasjon.....	20
4.1.4	Opplæring av tillitsvalde	20
4.2	Medlemstilbod.....	21
4.2.1	Samarbeid med rekneskapskontor og advokatar	21
4.2.2	Medlemsservice – juridisk rådgjeving	22
4.2.3	Forsikringar og bank	22
4.2.4	Medlemsfordelar på andre varer og tenester	22
4.3	Tilsette – administrasjon	23

1 Innleiing

Norges Bondelag sine lover er grunnlag for aktiviteten i organisasjonen. Prinsippprogrammet trekkjer opp politikk, haldningar og langsiktige strategiar på dei viktigaste arbeidsfelta, ut frå dagens samfunnsmessige og politiske situasjon.

Planprosessane i Norges Bondelag er lagt opp slik:

- Årsmøtet vedtek fireårige prinsippprogram
- Styret vedtek årlege planar for verksemda med prioriterte saker og mål for verksemdsområda, samt budsjett
- Administrasjonen utarbeider tiltaksplanar med utgangspunkt i dette.

Med utgangspunkt i prinsippprogrammet og årlege prioriteringar, må det enkelte fylkes- og lokallag velje aktivitetar og aktivitetsnivå på grunnlag av eigne ressursar og ut frå ønskje og behov.

Frå lovene til Norges Bondelag:

Kap. I Vanlege føresegner for Norges Bondelag

§ 1. Formål

Norges Bondelag har til formål å samle alle som er eller kjenner seg knytte til bondeyrket, for å fremje felles saker, tryggje landbruket og arbeide for dei økonomiske, sosiale og kulturelle interessene i bygdene.

Norges Bondelag er partipolitisk nøytralt og skal ikkje yte økonomisk stønad til eller ta imot økonomisk stønad frå politiske parti.

Norges Bondelag byggjer på nasjonal og kristen grunn.

§ 2. Verkemiddel og arbeidsformer

- For å verkeleggjere sine mål etter § 1 vil Norges Bondelag mellom anna arbeide for:
 - At det einskilde medlem får slike vilkår at han/ho finn seg til rette i yrket sitt og i bygda.
 - Å ivareta landbruksnæringa sine interesser overfor styresmaktene i landet og andre. På vegne av næringa tinge om og inngå avtaler om prisar, tiltak m.v. til fremje av næringa.
 - At næringa skal oppnå full jamstelling, så vel økonomisk, sosialt som kulturelt. Norges Bondelag arbeider for gjensidig tillit mellom ulike grupper i samfunnet og i forholdet til offentlege styresmakter. Norges Bondelag vil gjere alt det evnar for å løyse sine oppgåver ved forhandlingar. Dersom dei vitale interessene til landbruksnæringa blir truga ved misbruk av makt og ved at rimelege krav blir sett til side, kan Norges Bondelag setje i verk mottiltak.
 - Full tilslutnad frå utøvarane av næringa til dei økonomiske organisasjonane i landbruket.
 - Å fremje kulturelt, sosialt og fagleg arbeid i bygdene med sikte på å utvikle og sikre bygdesamfunnet som heilskap.
 - Å ivareta landbruket sine interesser internasjonalt.
- Norges Bondelag skal ha eit nært samarbeid med Norges Bygdeungdomslag og Norges Bygdekvinne- lag, og skal også stø desse økonomisk.
- Norges Bondelag skal ha eit nært samarbeid med samvirkeorganisasjonane og andre organisasjonar innan landbruket. Norges Bondelag vil også samarbeide med andre der dette er formålstenleg.
- Norges Bondelag er eieeigar av Bondelagets Servicekontor AS og skal gjennom dette selskapet yte service og informasjon til medlemmene i Norges Bondelag i samsvar med vedtektene til selskapet.

Ein næringspolitisk samlande og offensiv organisasjon

Landbruket sikrar trygg matproduksjon og gode opplevingar for folk over heile landet – gjennom bevisst utnytting av naturressursane, i tråd med naturgjevne og etiske føresetnader. Fundamentet for norsk matkultur er vår eigen produksjon av kjøtt, mjølk, egg, bær og frukt, grønt og korn. Eit aktivt landbruk gjev tilleggsverdiar som vakre landskap og grunnlag for anna næringsverksemd. Ved hjelp av eiga næringsutvikling og aktivt samspel med andre næringar, medverkar landbruket til å sikre busetting og sysselsetjing i bygdene og distrikta. *Vi får Noreg til å gro!*

Våre lovnader er at landbruket, i tillegg til å produsere mat ...

- gjev gode og mangfaldige matopplevingar
- skapar grobøtn for levedyktige lokalsamfunn
- fornyar verdiskapinga frå garden
- gjer landet vakkert.

Norges Bondelag skal vere den leiande organisasjonen for næringspolitikk og service for landbruk og landbruksrelatert verksemd. Norges Bondelag vil spele ei aktiv rolle i arbeidet med næringspolitikk generelt i bygdene.

For å stå sterkt i samfunnet, er det heilt avgjerande at næringa har vilje og evne til å stå saman i landbruket sine organisasjonar. Gjennom Norges Bondelag skal bøndene sikrast gode rammevilkår, inntekter og arbeidsvilkår. Oppslutnad om samvirkeorganisasjonane er avgjerande for å sikre prisuttak og avsetnad for produkta i marknaden. Presset på råvareprisane og internasjonalisering i matvaremarknaden understrekar også behovet for sterke samvirkeorganisasjonar i eit aktivt samarbeid med Norges Bondelag.

Norges Bondelag har ei tosidig arbeidsform. Kamp, påverknad og deltaking i ein brei samfunnsdebatt er kombinert med forhandlingsrolla. Kamp for rammevilkåra må gå føre seg samstundes som forhandlingsvegen vert utnytta maksimalt. Norges Bondelag skal vere ein sterk og truverdig forhandlingspart på alle forvaltingsnivå. For å ha størst mogleg innverknad på landbrukspolitikken, er det svært viktig å bygge alliansar med andre grupper.

Norges Bondelag må arbeide for å styrkje alle sider ved bonden sitt arbeid og nærmiljøet til garden. Med sterkt press mot grunneigarretten og retten til å utnytte naturressursane, er det svært viktig at landbruket har ein sterk organisasjon i Norges Bondelag. Regionalisert distriktspolitikk og regional og lokal forvaltning krev at Norges Bondelag har aktive fylkes- og lokallag.

2 Næringspolitikk

Norges Bondelag sitt hovudmål i det næringspolitiske arbeidet er å sikre rammevilkår som gjev medlemmene våre høve til å få inntekter og sosiale tilhøve på line med samfunnet elles. Dette krev at Noreg har tilstrekkeleg nasjonal handlefridom til å føre ein sjølvstendig landbruks- og matpolitikk. For å sikre verdiskaping, busetjing og sysselsetjing i heile landet, må det gjennom aktiv bruk av politiske verkemiddel leggjast til rette for lokal eigarskap og lokal utnytting av ressursane og ein effektiv næringsmiddelindustri.

Landbruket er berykningen i bygde- og distrikts-Noreg, og Norges Bondelag skal medverke til at det vert ført ein aktiv distriktspolitikk til beste for busetjing og næringsliv i bygdene.

Medlemmene i Norges Bondelag eig og forvaltar store delar av arealressursane i landet. Dette pålegg landbruket eit særleg forvaltaransvar, samstundes som arealressursane er heilt avgjerande for å oppretthalde og fornye verdiskapinga frå garden, både i tradisjonelt landbruk og i nye næringar. Norges Bondelag vil arbeide for å sikre rettane knytt til denne eigarskapen slik at medlemmene framleis kan forvalte og ta i bruk dei ressursane dei rår over. Vidare vil Norges Bondelag arbeide for at styresmaktene legg til rette for slik satsing.

2.1 Norsk landbruk i internasjonal samanheng

Dei komande generasjonane står framfor store globale utfordringar med å sikre folket på jorda tilstrekkeleg med mat av god kvalitet, produsert på ein berekraftig måte. I det jordas befolkning går mot 10 milliardar menneske, må matproduksjonen doblast for å gje alle tilstrekkeleg med mat av god kvalitet. Det er nærare ein milliard menneske som svelt i verda i dag. Samstundes ser vi at verdas matvarelager er knappe, vassmangelen aukar i viktige jordbruksområde, matjorda vert bygd ned og klimaet på jorda vert mindre føreseieleg. Alt dette gjer at kvart enkelt land må ta ansvar for å oppretthalde produksjonen og sikre berekraftig drift av landbruksareala sine. Skal alle lands ressursar takast i bruk, må det vere mogleg å føre ein nasjonal politikk der importvern og støtte er tilpassa dei naturgjevne føresetnadene i landet, og som tek vare på dei enkelte landa sine naturgjevne rammevilkår og gjev ein optimal produksjon av matvarer.

Det er heilt avgjerande at landbrukets fleirsidige rolle knytt til matvaretryggleik, miljøgode, busetjing, kultur og tradisjonar vert prioritert i internasjonale forhandlingar. Norges Bondelag vil arbeide for å sikre at internasjonale avtalar framleis gjev nasjonal handlingsfridom i utforminga av landbrukspolitikken.

Norges Bondelag meiner at nasjonal matproduksjon er grunnleggjande for berekraftig økonomisk og sosial utvikling, ein nøkkel i kampen mot fattigdom og sentral for å redusere talet på konflikhtar i verda. Norges Bondelag meiner at alle land har rett til å produsere mat til eiga befolkning.

2.1.1 EU-saka

Utviklinga i EU sidan førre folkeavstemming syner at mindre land har fått redusert høve til innverknad i EU. Den økonomiske og monetære unionen avgrensar sterkt handlefridommen til det enkelte landet i den økonomiske politikken, og den reduserer moglegheitene til å drive sjølvstendig velferdspolitik og

motkonjunkturpolitikk ved høg arbeidsløyse. Vidare er den nasjonale råderetten over naturressursar som olje og gass, vasskraft, landbruk og fisk sterkt svekka innan EU. Mindre lands innverknad i EU er redusert gjennom auka bruk av fleirtalsvedtak.

EU si omlegging av den felles landbrukspolitikken til frikopla støtte forsterkar utfordringane for land med høge produksjonskostnader. Det betyr at dei landa som har vanskelege produksjonstilhøve ikkje vil kunne nå fram i konkurransen, og i ein fri marknad vil dei på sikt ikkje kunne oppretthalde produksjon i særleg omfang. Då vil det heller ikkje vere grunnlag for ein norsk næringsmiddelindustri.

Norges Bondelag meiner:

- Noreg skal ikkje bli medlem av Den europeiske union
- Ei eventuell folkeavrøysting må knytast til eit framforhandla resultat
- Tilstreккеleg ressursar må setjast inn for å hindre EU-medlemskap, og breidda på nei-sida må ivaretakast gjennom eit sterkt og godt organisert Nei til EU. Det må arbeidast kontinuerleg for å vidareutvikle argumentasjonen vår
- Noreg sin reservasjonsrett i EØS-avtalen må nyttast i spørsmål av vital verdi
- Utviklinga av EØS-avtalen må skje på ein meir balansert måte, m.a. gjennom ein betre balanse mellom import og eksport av landbruksvarer mellom Noreg og EU.

2.1.2 WTO og internasjonale avtalar

Det er viktig, spesielt for små land, at det er internasjonale avtalar som regulerer verdshandelen. Gode avtalar er også eit nødvendig grunnlag for å utvikle ein rettferdig handel. Noreg er medlem i Verdas handelsorganisasjon, WTO – og vi må gjennom denne medlemskapen medverke til fornying og demokratisering av organisasjonen og til ein politikk som i større grad tek omsyn til klimaendringar og matkrise.

Norges Bondelag meiner:

- Kvart enkelt land må ha rett til å føre ein landbrukspolitik som sikrar produksjon og forsyning av mat til eiga befolkning, samt viktige verdiar som busetjing, kulturlandskap og kulturarv
- Norske jordbruksvarer må sikrast eit effektivt importvern slik at produksjonen kan oppretthaldast på dagens nivå og utviklast vidare
- Dei jordbruksvarene vi ikkje produserer sjølv, må i større grad importerast frå u-land som har overskot
- Noreg må søkje alliansar med nettoimportørar i Nord og Sør for å sikre retten til eigen matproduksjon
- Internasjonale avtalar må utformast slik at helsa til menneske og dyr, samt omsynet til miljø går framfor kortsiktige økonomiske omsyn
- Patentlovgjeving og planteforedlarrettar må utformast slik at bonden har ein reell fridom til å bruke eige formeiringsmateriale og elles velje leverandørar av innsatsmidlar.

2.1.3 Internasjonale alliansar og bistand

Bønder globalt står overfor store utfordringar i å forsyne befolkninga med mat, og produksjonen må doblast. Som bønder i eit velståande og velorganisert samfunn har vi spesielle utfordringar og kunnskapar som det er viktig å formidle gjennom deltaking i internasjonale jordbruksorganisasjonar. Internasjonalt skal Norges Bondelag medverke til å endre politisk tankegang og verkemiddelbruk i solidari-

tet med bønder i andre land. Det er viktig å vise internasjonal solidaritet med vanskelegstilte bønder i andre land. Skal det vere mogleg å nå målet om å auke jordas matproduksjon, må bonden setjast i sentrum. Lønsemid i produksjonen og eigarskap til jord eller gode og langsiktige leigevilkår må ligge til grunn for politikken.

Norges Bondelag meiner:

- At landbruksbistand må prioriterast i bistandspolitikken
- Vi må engasjere oss i internasjonal alliansebygging gjennom bondeorganisasjonar på nordisk og europeisk plan, samt på verdsbasis
- Det er viktig å vise internasjonal solidaritet ved å støtte utviklinga av bondeorganisasjonar og spesielt kvinnelege bønder si stilling i utviklingsland, gjennom t.d. å delta i konkrete bistandsprosjekt
- Vi må framleis engasjere både medlemmer og tillitsvalde gjennom hjelp til sjølvhjelp, og gjennom dette utnytte vår kompetanse og erfaring når det gjeld organisering av bønder i både faglag og samvirke
- Vi må søkje samarbeid nasjonalt med andre organisasjonar som har same målsetjing som oss på dette området.

2.2 Inntekt og skatt

2.2.1 Inntekt og sosiale tilhøve

Landbruksbefolkninga må sikrast økonomiske vilkår som gjev eit godt grunnlag for å skape attraktive arbeidsplassar i landbruket. Eit inntektsnivå i landbruket som er konkurransedyktig i høve til andre yrkesgrupper, er avgjerande for å sikre matproduksjon, rekruttering til yrket, og den framtidige produksjonen av fellesgode som levedyktige bygdesamfunn, mattryggleik og eit vakkert kulturlandskap. For å oppnå dette, er jordbruket sin forhandlingsrett avgjerande.

Norges Bondelag meiner:

- Yrkesutøvarane i landbruket må sikrast høve til inntekt og sosiale ordningar på line med samfunnet elles
- Det norske løns- og kostnadsnivået må gjenspeglast i matprisane
- Lønsemid i dei ulike produksjonane må sikrast gjennom ein kombinasjon av marknadsinntekter og produksjonsavhengige tilskot
- Dei produksjonsavhengige og produksjonsnøytrale verkemidla må utformast og dimensjonerast slik at dei tek omsyn til dei store geografiske, klimatiske og strukturelle skilnadene i landet
- Det økonomiske verkemiddelsystemet må
 - verke inntektsutjamnande mellom produksjonar, distrikt og bruksstorleikar
 - sikre dagens geografiske produksjonsfordeling
 - utformast slik at både heiltids- og deltidsbruk utviklast
 - medverke til å utvikle sikre arbeidsplassar i landbruket
- Det må leggast til rette for kostnadseffektive driftsløysingar på det enkelte bruket innan ramma av målet om å oppretthalde ein variert bruksstruktur og busetjing i heile landet, dei fastsette produksjonsmåla, og god dyrevelferd
- Lov om ervervsmessig husdyrhald med dagens konsesjonsgrenser og Kvoteordninga for mjølk er avgjerande instrument for produksjonsregulering og produksjonsfordeling, og må behaldast og utviklast slik at intensjonen vert oppfylt

- Gjennom velferdsordningane i landbruket må bønder sikrast høve til ferie og fritid på lik line med andre i samfunnet. Ei god ordning med avløyning under sjukdom og svangerskap/fødselspermisjon er svært viktig for velferd, økonomi og rekruttering inn i landbruksnæringa
- Det må arbeidast med innføring av refusjon av avløyingsavgifter ved sjuke barn
- Rekruttering må sikrast gjennom ei betre inntektsutvikling i næringa. I tillegg må det fokuserast på dei positive sidene ved yrket. Det må stimulerast også på andre måtar til generasjonsskifte i jordbruket
- Gjennom næringspolitikk må det leggjast betre til rette for at kvinner skal delta i landbruksyrket.

2.2.2 Skattar og avgifter – rammevilkår

Skatte- og avgiftssystemet må brukast aktivt som politisk verkemiddel, både fordelings-, distrikts- og næringspolitisk. Det er særleg viktig å få redusert avgiftsnivået. Skatte- og avgiftsreglane må vere føreseielege og stimulere til gründerverksemd og privat eigarskap. Sjølvstendig næringsdrivande må gjevast same rettar som lønsmottakarar til å opparbeide seg offentlege ytingar ved barsel/omsorg, alderdom, sjukdom og uførheit.

Norges Bondelag meiner:

- Skatt er eit sentralt element i inntektsdanninga for næringa. Dei ulike ordningane for landbruket må vidareførast og forsterkast
- Det må innførast fleire ordningar som gjer det mogleg å finansiere investeringar med ikkje skattlagde midlar eller med midlar med redusert skattlegging tilsvarande skogfondsordninga
- At avskrivingsmoglegheiter for driftsbygningar skal reflektere bygningane si reelle brukstid
- Føretaksmodellen for enkeltpersonføretak må forberast slik at faktisk kapitalavkastning ikkje vert skattlagt som personinntekt. Modellen må vidare forberast slik at skattesystemet i større grad stimulerer til aktiv drift av landbrukseigedomar gjennom redusert skattlegging av realisasjonsvinstar i næringsverksemd
- At skattlegging av næringsformue gjennom formuesskatt er dobbel skattlegging av arbeidsplassar. Næringsformue må fritakast for skattlegging
- At investeringsverkemidla må forberast m.a. gjennom skattemessige avsetningsordningar
- At skattesystemet må ha nødvendig fleksibilitet og sikre sjølvstendig næringsdrivande rett til offentlege ytingar frå folketrygda, herunder auke satsen for pensjonssparing for næringsdrivande etter innskotspensjonslova, samt å gjere gjeldsrentefrådraget i føretaksmodellen frivillig
- At regelverket må avklarast betre for personar som kombinerer å vere sjølvstendig næringsdrivande med løna arbeid
- At ved utskrivning av eigedomsskatt på husvære på gardsbruk, skal det takast omsyn til delingsforbod og konsesjonsplikt.

2.3 Matforsyning og matmarknad

I ei tid med befolkningsvekst er det for Noreg som har låg sjølvforsyningsgrad av mat, særleg viktig å auke omfanget av matproduksjon til eiga befolkning. Med vårt klima og tilgang til store utmarksareal, har vi eit godt utgangspunkt for ein miljøvenleg produksjon av kortreist mat av høg kvalitet. Lokale ressursar til produksjon av mat må takast vare på. Dette gjev over tid den beste matvaretryggleiken.

Fleire smittsame plante- og dyresjukdomar krev beredskap og kontroll, og viser tydeleg styresmaktene sitt ansvar for reglar, tilsyn og oppfølging.

For å sikre stabile prisar og sikker avsetnad, er produksjons- og marknadsregulering ein viktig reiskap. Eit medlemsstyrt samvirke er ein avgjerande føresetnad for å gjennomføre dette.

Norges Bondelag meiner:

- Norsk landbruk skal dekkje etterspurnaden av dei matvarene vi har føresetnad for å produsere
- Prisen på matvarer må stå i forhold til det generelle kostnadsnivået, til kostnadene i produksjonen og til endra offentlege krav
- Samanhengen mellom pris, kvalitet og samfunnsnytte må synleggjerast overfor forbrukar og produsent
- Økologiske produkt må over tid kunne ta ut ein pris i marknaden som avspeglar meirkostnadene i primærproduksjon og foredling
- Næringsmiddelindustrien må ha rammevilkår som sikrar næringa avsetnad for sine produkt
- Det må framleis vere sterkt fokus på maktkonsentrasjonen i daglegvarehandelen
- At ei eiga nasjonal merkeordning sikrar grunnlaget for sal av norske matvarer
- Regionale merke må utviklast for å sikre særpreg som grunnlag for auka verdiskaping gjennom norske matvarer
- Bondens Marknad og andre nye marknadskanalar må utviklast vidare for å sikre produsentane auka inntektsmoglegheiter knytt til lokal mat og matspesialitetar.

Dei økonomiske organisasjonane i jordbruket har ei viktig rolle som operativt ansvarlege for å ta ut dei framforhandla jordbruksavtaleprisane.

Norges Bondelag meiner:

- At eit sterkt landbrukssamvirke og produsentsamarbeid er avgjerande for å sikre lønsemd i primærproduksjonen
- At samvirket må gjevast rammevilkår som ikkje inneber konkurranseulempar i høve til andre aktørar
- At det må gjevast høve til å drive produksjonsregulering
- At marknadsreguleringsansvaret må ivaretakast av samvirket.

2.4 Verdiskaping – næringsutvikling

Landbruket er ein viktig berebjelke for mange lokalsamfunn. Norges Bondelag skal medverke til entreprenørskap med utgangspunkt i grunneigarretten og råderett over eigne ressursar, gjennom berekraftig bruk og utvikling av miljøtilpassa næringsverksemd. Bønder er dyktige entreprenørar, og mange er aktive i å utnytte moglegheiter for verdiskaping med utgangspunkt i ressursane på garden og gjennom nye samarbeidspartnarar. Dette kan vere andre næringar som spesialiseringar innan reiseliv, servering, mat, ”Inn på tunet” eller hest som næring. Andre vel å vidareutvikle den tradisjonelle gardsdrifta.

Rammevilkåra for enkeltpersonsføretak og andre mindre føretak må generelt forbetrast. Det må gjennomførast betydelege forenklingstiltak, gjerne gjennom differensiering, når det gjeld krav til rekneskapsførsel og revisjon, dokumentasjon av opplysningar og offentleg rapportering.

For å medverke til at landbruket utviklar nye inntektsbringande næringar innan og i tilknytning til landbruket, skal Norges Bondelag arbeide innan områda motivasjon, kompetanse, rammevilkår og nettverk. Norges Bondelag skal framstå som ein attraktiv organisasjon for utøvarar i dei nye næringane, og på den måten medverke til effektiv organisering og felles opptreden. Det er ønskjeleg at lokal- og fylkeslag deltek aktivt saman med aktuelle samarbeidspartnarar.

Norges Bondelag meiner:

- Styresmaktene må leggje tilhøva betre til rette for næringsutvikling med basis i bønders ressursar, mellom anna gjennom ei vesentleg forenkling og tilpassing av lover og reglar
- Landbruket må ta i bruk alle ressursane på garden for å sikre levedyktige lokalsamfunn, inntekter og busetjing i bygdene
- Kulturlandskapet er viktig for heile reiselivsnæringa, og det er ein samanheng mellom eit aktivt landbruk, ope landskap og reiselivet. Kulturlandskapet har ein eigenverdi ut over landbruket sjølv
- Landbruket, saman med andre aktørar i bygdene og distrikta, må arbeide for ein god infrastruktur over heile landet
- Lokalbefolkninga med nasjonalparkar og verneområde i sine nærrområde, må i større grad gjevast høve til å skape nye næringar og inntekter med utgangspunkt i det store potensialet desse områda har for miljøtilpassa reiselivsverksemd
- Tilstrekkeleg kapital må stillast til rådvelde for innovatørar i distrikta, bygdene og landbruket. Det er difor viktig at Bygdeutviklingsmidlane vert vidareførde. Norges Bondelag vil vere ein pådrivar for at det vert stilt annan type kapital til rådvelde, mellom anna gjennom høve til skattemessige fondsavsetningar og moglegheit for betinga skattefri omplassering av realisasjonsvinstar
- Medlemmene må sikrast bistand når det gjeld kvalitetssikring, ansvarstilhøve m.m. ved utvikling av nye næringar
- Inn på tunet-næringa må sikrast gode og føreseielege rammer, slik at det vert mogleg å drive profesjonelt og langsiktig.

2.5 Egedomsrett og ressursforvaltning

2.5.1 Grunneigarrettar

Medlemmene i Norges Bondelag eig og forvaltar store delar av arealet i Noreg. Dette pålegg oss eit særleg forvaltingsansvar. Samstundes krev vi respekt og aksept frå styresmaktene si side for dei moglegheitene som ligg i å utnytte natur- og kulturressursane i næringsmessig verksemd. Gjennom den enkelte sin rett til å utnytte det inntekspotensialet som er knytt til eigdommen, kan det leggjast til rette for auka inntekt i næringa. Det er avgjerande at juridiske og økonomiske verkemiddel vert målretta slik at rettane og råderetten til eigen eigedom vert grunnfest og styrkt.

Norges Bondelag meiner:

- Egedomsretten og grunneigars råderett over ressursane må styrkjast
- Det skal gjevast full erstatning i tilfelle der råde- eller grunneigarrettane vert innskrenka
- Høve til å krevje årlege erstatningar ved bandlegging av ressursar skal nedfellast i lovverket
- Lokal eigarskap til ressursane må sikrast slik at verdiskaping basert på natur- og kulturressursar vert forankra i lokalsamfunnet
- Retten til jakt og fiske må følgje grunneigarretten

- Landbruket sine bruksrettar i stats- og bygdeallmenningar skal kunne utviklast i samsvar med "tida og tilhøva", dvs. utan at dei som har bruksrett må betale avgifter for den nye bruken
- Vern av natur- og kulturressursane må primært sikrast gjennom aktiv bruk, positive verkemiddel og større grad av tillit mellom eigarar og styresmakter, og ikkje gjennom innskrenkingar i råderett og eigedomsrett
- Inntekspotensialet knytt til den enkelte eigedomen må gjerast meir tilgjengeleg for den enkelte næringsdrivande gjennom større handlingsrom
- Det er viktig å få aksept i lovverket for eit utvida landbruksomgrep som omfattar ulike nye næringar. Dette er spesielt viktig for utmarksnæringsane
- Grunneigarane sin medverknad og påverknad i lokale planprosessar må styrkjast
- Odelslova må behaldast
- Bu- og driveplikt etter konsesjonslova og odelslova må oppretthaldast, og målet med praktiseringa av bu- og drivepliktbestemmingane må sikre likskap og føreseielegskap
- Grunneigarar må framleis kunne velje bortfeste av hyttetomter som alternativ til sal
- At openheit i behandling av konsesjons- og delingssaker må sikrast ved behandling i folkevalde organ
- Reglane om prisregulering av landbrukseigedom må fremje busetjing og drift over heile landet.

2.5.2 Energi og klima

Landbruket har ei spesiell rolle i klimasamanheng. Landbruket vert som biologisk næring direkte påverka av klimaendringane, anten det er i form av flom, tørke, skadedyr, og dyre- og plantesjukdomar – eller lengre vekstsesong og endra marknadstilhøve. I ein situasjon med uføreseielege klimaendringar, er det avgjerande viktig at vi tek vare på og utviklar moglegheitene for lokal matproduksjon både nasjonalt og internasjonalt.

Medan dei totale norske utsleppa av klimagassar har auka i perioden 1990-2005, har landbruket sin del av utsleppa minka i same periode. Vår hovudutfordring er å redusere utsleppa ytterlegare, samstundes som vi opprettheld produksjonen av verdas viktigaste produkt – mat. I tillegg er det ei hovudutfordring å skape lønsemd i produksjon og bruk av fornybar energi.

Norges Bondelag meiner:

- Norsk landbruk skal delta aktivt i arbeidet med reduksjon av klimautslepp, men samstundes oppretthalde og om mogleg auke den totale matproduksjonen i landet
- Lønsemda i produksjon og bruk av fornybar energi må betrast vesentleg
- For å sikre økonomi i produksjonen av fornybar energi, må det innførast prisgaranti pr. produsert kwh
- Småkraftnæringsane må stimulerast ved tiltak for å styrkje nettkapasiteten, auke tempoet i konsesjonsbehandlinga og mjuke opp reglane for produksjon av fornybar energi i og ved verna vassdrag
- Matjorda skal brukast til å produsere mat
- Bonden og landbruket skal vere med lengst mogleg ut i verdikjeda ved produksjon og sal av fornybar energi
- Produksjon av fornybar energi skal skje med utgangspunkt i regionalt og lokalt råstoff, og skal medverke til å redusere klimautsleppa, auke talet på arbeidsplassar i distrikta og samstundes halde kulturlandskapet ope

- Biogassproduksjon frå husdyrgjødsel og organisk avfall skal innarbeidast i landbrukets verdikjede
- FoU-arbeid skal aukast under områda energi og klima, spesielt mot klimatilpassa sortsutvikling og biologisk nedkjemping av skadedyr og sjukdomar
- Krinslaupstankegangen må leggjast til grunn ved bruk av t.d. organisk avfall og biorest.

2.5.3 Ressursforvaltning og miljø

Norske bønder og grunneigarar har i generasjonar forvalta natur- og kulturressursar til beste for samfunnet. Gjennom aktiv drift har vi sikra eit variert kulturlandskap rikt på biologisk mangfald og teke vare på kulturarven. Vår forvaltning og utnytting av lokale ressursar som jord, skog, fjell, utmarksbeite, vassdrag, vilt, fisk og kulturminne har skapt verdiar som er avgjerande for utviklinga av levande lokalsamfunn over heile landet. Eit levande kulturlandskap dannar også grunnlag for verdiskaping i andre næringar i lokalsamfunnet. Vern gjennom aktiv bruk vil oftast gje betre effekt enn påtvunge vern. Det må arbeidast for å få gjennomslag og forståing for dette.

Norsk landbruk skal drive eit miljøriktig landbruk som skapar tillit hos forbrukaren. Det må leggjast til rette for eit landbruk som gjev opplevingar av eit godt miljø og eit vakkert kulturlandskap. Ein slik høg miljøstandard er arbeids- og ressurskrevjande og kostar difor meir enn industrialisert matproduksjon på kort sikt. Ekstra restriksjonar må kompensrast.

Norges Bondelag meiner:

- Forvaltaransvaret skal ivaretakast gjennom auka kunnskap, bruk og utnytting av natur- og kulturressursar og omsynet til allmennheita sine interesser
- Genetiske ressursar må forvaltast med tanke på å sikre det genetiske mangfaldet og som utgangspunkt for planteforedling og anna verdiskaping
- Landbruket må sikrast eigar- og bruksrett til dei genetiske ressursane
- Å oppretthalde aktivt beitebruk i heile landet er viktig for å sikre kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet
- Eit aktivt landbruk sikrar eit ope kulturlandskap og hindrar gjengroing
- Kunnskapen om kva landbruket har å seie for det biologiske mangfaldet må betrast
- Vilt- og fiskeressursane skal forvaltast med omsyn til lokal verdiskaping, tålegrensa for ressursane og allmennheitas tilgang, dette skjer best med lokal forvaltning
- Det må leggjast til rette for at kulturarven kan gje lokal verdiskaping
- Det må etablerast avtalefesta vern (grøn partnerskap) som verkemiddel i miljøpolitikken
- Det må leggjast til rette for auka verdiskaping i verna område og område som er pålagt andre miljørestriksjonar, t.d. verna vassdrag
- Stimulerande tiltak til auka grøfting må setjast i verk for å redusere negative miljøpåverknader
- Krav til kompetanse i den offentlege forvaltinga må liggje fast, slik at kommunane er i stand til å vere ei effektiv førstelineteneste for landbruket
- Det må gjevast meir informasjon og hjelp til fylkes- og lokallag for å gjere dei betre i stand til å gå aktivt inn i arbeidet med arealforvaltning i lokalmiljøet
- Bestanden av trekkjande kortnebbgås må halverast ned til 30 000 fugl for å minske dei omfattande skadane
- Miljøverndepartementet skal erstatte beiteskadar på grunn av gås
- Miljøtilskotsordninga for tilrettelegging av beiteareal for kortnebbgås må betrast, slik at dei faktiske kostnadane vert dekte for alt areal

- Det må søkjast dialog og samarbeid med reindriftsnæringa for å redusere konfliktnivået mellom næringane og for samarbeid om felles utfordringar.

2.5.4 Jordvern

Den globale folkeveksten krev ei dobling av dagens matproduksjon for å sikre verdas folk tilstrekkeleg med mat. Ei slik utvikling kombinert med endringar i klimaet vil setje produksjonsareala ytterlegare under press. Dyrka og dyrkbart areal utgjer 3 % av landarealet i Noreg. Berre 1/3 av dette er eigna for produksjon av matkorn. I løpet av dei siste åra har om lag 20 000 dekar matjord kvart år vorte om-disponert til anna arealbruk. Dette viser at Noreg har eit alt for svakt vern av jordressursane. Også frå eit internasjonalt perspektiv har Noreg ansvar for å ta vare på eige jordsmonn. Tap av jordbruksareal er ikkje eineståande for Noreg, og presset på jordsmonn er eit globalt problem. Det må stimulerast til nydyrking med mål om å vere sjølvforsynt med alt som kan produseras i Noreg.

Norges Bondelag meiner:

- God økonomi i matproduksjonen er ein føresetnad for vern av matjord
- Det må utgreiast effektive økonomiske verkemiddel for å sikre at utbygging ikkje skjer på dyrka mark
- Det må innførast ein eigen heimel i Jordlova for vern av dyrka mark på same måte som vern av areal etter Naturvernlova
- Den nye Plan og bygningslova må styrkjast som verktøy i vern av matjord. Det bør også innførast rikspolitiske retningsliner for vern av dyrka jord
- Nye bustad- og næringsbygg må leggjast i område som ikkje skapar press på dyrka jord
- Samfunnsøkonomiske analysar og samferdsleplanlegging må ta større omsyn til dyrka mark. Bondelaget må sterkare inn i arbeidet med strategiske næringsplanar og arealplanprosessar i kommunane
- Norske styresmakter må ta initiativ til ein internasjonal konvensjon om vern av jordressursar
- Rapporteringssystemet for nedbygging av jordbruksareal må forbeholdast.

2.5.5 Vassforvaltning

Reint vatn er eit globalt knappleiksgode, både som drikkevatt og for matproduksjon. EUs rammedirektiv for vatn er no ein del av norsk lovgjeving, og målet er god miljøtilstand i alle europeiske vassdrag. Det er opp til dei enkelte landa korleis og kor raskt måla skal oppnåast. Gjennom involvering i prosessen, skal Norges Bondelag sørge for at prinsipielle spørsmål og utfordringar som er viktige for landbruket vert ivaretekne.

Norges Bondelag meiner:

- Vassressursane skal forvaltast med omsyn til matproduksjon, lokal verdiskaping og ressursens tålegrense
- Gode forvaltingsplanar vert oppnådde gjennom involvering av viktige interessentar, som landbruket
- Det er nødvendig med friske midlar for å finansiere auken i kostnader som følgje av nye tiltak knytte til innføringa av EUs rammedirektiv for vatn
- Staten må yte full erstatning for tap, sannsynlege tap og for følgjeskadar.

2.5.6 Rovviltforvaltning

Forvaltninga av bjørn, jerv, ulv, gaupe og ørn skapar store problem for mange lokalsamfunn, for beite i inn- og utmark og for anna utmarksnæring. Stortinget har lagt rammene for forvaltninga i åra framover. Hovudansvaret for rovviltforvaltninga vert lagt til dei regionale rovviltnemndene. Dette er viktig for å auke tilliten til rovviltforvaltninga, og for å få rovviltforvaltninga under politisk kontroll. Forvaltninga må byggje på berekraftig utnytting av utmarksressursane og sikre god dyrevelferd. Både næringa og styresmaktene har eit stort ansvar for god dialog mellom husdyrhaldarar og dei som står for rovviltforvaltninga. Eit viktig grunnlag for dette er at det er openheit og god informasjon frå begge partar.

Norges Bondelag meiner:

- Lokalsamfunn og næringsinteresser må få meir innverknad i forvaltning og utforming av verkemiddel i rovdyrpolitikken
- At å sikre medverknad i bestandsregistreringane av freda rovvilt, er avgjerande for tilliten til bestandsestimata og faktagrunnlaget. Lokal bestandsregistrering må få formell status og resultatane må synleggjerast
- Styresmaktene må ta i bruk einskaplege metodar for forvaltning basert på storleiken av bestanden av freda rovvilt i heile landet
- Bestandsmålet for bjørn, jerv, ulv og gaupe må reduserast slik at aktiv bruk av beiteressursane i utmark ikkje vert avgrensa
- Styresmaktene må sikre seg korrekte bestandstal. Talet på rovvilt må ikkje i noko høve overstige bestandsmålet
- Førebyggjande tiltak må ikkje omfatte verkemiddel som hindrar utnytting av utmarksbeita
- Styresmaktene må ta ansvar for at skadedyr og lisensjaktkvotar vert tekne ut. Skadedyrfellinga må verte meir effektiv og fleksibel, og det må i større grad praktiserast skadebasert forvaltning av rovdyr – uavhengig av bestandsmål
- Naudverjeretten skal ha same innhald ved fare for skade på person og bufé, slik at naudverje kan nyttast *før* direkte åtak er ein realitet
- Det skal ikkje vere ein fast stamme av ynglande ulv i Noreg
- Forvaltninga av rovdyra må sjåast i samanheng i grenseområda, og ulv, bjørn og jerv som oppheld seg i grenseområda, må telje med i bestandsmålet.
- Det må ytast full erstatning for tap, sannsynlege tap og for føljeskadar. Alle kostnader skal dekkjast av Miljøverndepartementet
- Det er Miljøverndepartementet som skal ha det økonomiske ansvaret for førebyggjande tiltak i rovviltforvaltninga, inkludert kostnader til uttak av skadedyr
- Eventuelle omstillingar av enkeltbruk skal finansierast av midlar utanfor jordbruksavtalen.

2.6 Kvalitetsproduksjon

2.6.1 Rein mat frå reint miljø

Norsk landbruk skal levere mat som skapar tillit hos forbrukaren. Det må leggjast til rette for eit produktmangfald og ein kvalitet som gjev gode matopplevingar og er i tråd med forbrukarane sine ønskje. Vi skal ha eit landbruk som sikrar dyrevelferd, dyre- og plantehelse. Det skal vere god dyrevelferd i norsk husdyrhald. Dette er eit viktig grunnlag for å hindre sjukdom hos menneske på grunn av smitta mat. Dette omfattar også det aukande smittepresset på norsk landbruksproduksjon frå nye dyre- og

plantesyjukdomar. Ein etisk og miljømessig høg standard er arbeids- og ressurskrevjande og kostar difor meir enn industrialisert matproduksjon. Merking av landbruksvarer er viktig og må generelt betrast.

Det skal satsast vidare på økologisk landbruk og ei økologisering av det tradisjonelle landbruket. Eit sterkt økologisk landbruk tufta på prinsipp om lokal ressursutnytting og god agronomisk praksis, vil ha ein effekt for heile landbruket i retning av ein auka miljøtankegang.

Norges Bondelag meiner:

- Tillit hos forbrukar skal oppnåast gjennom god dyrevelferd, god plantehelse, og gode matopplevingar basert på eit mangfaldig utval av matvarer
- Nærleik mellom primærprodusent og forbrukar vert best sikra ved ei vidareføring av eit småskala-landbruk over heile landet
- Det må gjennomførast ein streng kontroll for å nedkjempe sjukdom og smitte i innanlandsk produksjon og ved import av husdyr, planter, dyrefôr og matvarer
- Det må etablerast auka beredskap i høve til nye dyre- og plantesyjukdomar
- Det må leggjast til grunn eit føre-var-prinsipp når det gjeld godkjenning av genmodifiserte organismar (GMO), stråling av matvarer og bruk av nanoteknologi. Kravet til merking av varer må vidareførast. Det skal ikkje nyttast GMO i produksjon av mat, frø og fôr i Noreg
- Det skal ikkje nyttast antibiotika i fôr
- Det må arbeidast for sterkare fokus på metodeutvikling og FoU i Noreg
- Det skal framleis vere forbod mot vekstfremjarar og hormon i produksjon av husdyrprodukt
- God dyrevelferd skal vere sjølvstøtt i norsk husdyrhald
- Auka kompetanse, gode rutinar og utvida bruk av eksisterande data kan medverke til å oppdage uheldig utvikling i dyrevelferda - og kan førebyggje alvorlege dyrevernsaker
- Landbruket sine kostnader med nye dyre- og plantesyjukdomar må dekkjast
- Kostnadene med høg miljø- og kvalitetsstandard i matproduksjonen må reflekterast i prisen og gjennom budsjettoverføringar
- Kostnadene knytte til Mattilsynet bør i langt større grad dekkjast over statsbudsjettet
- Kvalitetssystem i landbruket (KSL) skal dokumentere produksjonsprosessen for å sikre kvaliteten på matvarene
- Det må innførast eit generelt krav om opphavsmarkering av maten slik at forbrukaren har lett tilgjengeleg informasjon om kvar maten er produsert. Namn på produksjonsbedriftene må oppgjevast på pakninga
- Gjennom teknologisk og biologisk utvikling må det stimulerast til redusert forbruk av plantevernemiddel
- Utviklinga av økologisk landbruk må liggje framfor etterspurnaden i marknaden
- Det er behov for auka merksemd når det gjeld sortsutvikling og prøving av nye sortar over heile landet, t.d. gjennom ny programsatsing.

2.6.2 Helse, miljø og sikkerheit

Norges Bondelag arbeider for at garden skal vere ein trygg arbeidsplass og ein trygg stad å bu. Det er også viktig å tryggje barnas oppvekstmiljø som ein del av ei samla kvalitetssikring i landbruket. Større merksemd på psykisk helse blant bønder, førebyggjande tiltak er viktig. Landbrukets HMS-teneste er vårt viktigaste verktøy for å gje den enkelte medlem tilbod om yrkesretta rådgjeving innan området

helse, sikkerheit og arbeidsmiljø på garden. Landbrukets HMS-teneste medverkar til å styrkje heile næringas kompetanse innan helse, miljø og sikkerheit.

Norges Bondelag meiner:

- Talet på arbeidsulykker i landbruket skal reduserast. Nullvisjonen skal nåast innan 2012
- Eit systematisk HMS-arbeid skal sikre færre arbeidsulykker og medverke til å skape trygge og trivelege arbeidsplassar som sikrar yrkesutøvarane si helse og gjev barna trygge og gode oppvekstvilkår. HMS-arbeidet skal medverke til å styrkje lønsemda på garden gjennom fokus på praktisk arbeid på riktig måte
- HMS må ha den nødvendige vektlegginga i KSL-arbeidet
- Landbrukets HMS-teneste må i samarbeid med Norges Bondelag framleis jobbe for auka oppslutnad i alle delar av landet. Effektivisering i organiseringa av HMS-tilbodet skal medverke til å halde kostnadene nede
- Bondelaget må medverke til at ein aktiv kriseberedskap trer i funksjon ved krisesituasjonar
- Satsing på kurs, rettleiing og organisasjonstiltak kan medverke til å nå breiare medlemsgrupper med HMS-arbeid
- Det er nødvendig med auka merksemd på å førebyggje alvorlege dyrevernsaker hos alle landbruksaktørar (forvaltning, organisasjonar, rådgjevarapparat, bedrifter).

2.6.3 Rekruttering, utdanning, kompetanseheving og forskning

God og allsidig grunnkompetanse og evne til fornying vil få mykje å seie både for den enkelte og for næringas konkurransevne. Auka optimisme vil gje auka rekruttering. Norges Bondelag skal medverke til å auke rekrutteringa til næringa m.a. gjennom auka satsing på landbruksutdanninga.

Forskingsbasert næringsutvikling kjem til å spele ei større rolle. Den framtidige marknaden vil krevje kreativitet og større merksemd på kompetanse med tanke på nye produkt og spesialprodukt i tillegg til tradisjonell matproduksjon.

Det er eit mål at alle bønder skal ha kompetanse som tilfredsstillar styresmaktene sine krav til yrkesutøvinga, samt om drift og forvaltning av ressursane på garden. Grunnleggjande yrkesutdanning må vere tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Aktive bønder treng tilbod om kontinuerleg kompetanseheving for å kunne vidareutvikle verksemda si og møte nye krav frå det offentlege, forbrukarane og samfunnet elles.

Norges Bondelag meiner:

- Bondens realkompetanse må vektleggast ved krav om dokumentert kompetanse
- Dokumentasjon av kompetanse må vere ein del av gardens kvalitetssystem
- Agronomutdanning skal vere godkjent kompetanse for landbruksdrift
- Tiltak som motiverer ungdom til utdanning og yrkesval innan landbruk og bygdenæringar må styrkjast
- Vidaregåande skole må tilby ei god landbruksfagleg grunnutdanning for ungdom som skal inn i næringa, sluttkompetansen må tilfredsstillar styresmaktene sine krav til yrkesutøvinga
- Grunnleggjande yrkesutdanning for vaksne må vere tilgjengeleg for alle
- Fagskolenivået må få gode rammevilkår slik at det kan utviklast fagskoletilbod innan landbruk, entrepenørskap og landbruksbasert næringsutvikling

- Det må arbeidast aktivt for å finne fagleg gode og fleksible etterutdanningstilbod, tilpassa behovet til den aktive bonden
- Det må knytast tettare kontakt mellom anvendt landbruksutdanning (VGS) og landbruksutdanning på universitet og høgskolar
- Norges Bondelag må jobbe i tett samarbeid med landbruksretta utdanningsinstitusjonar på alle nivå, for å sikre og utvikle rekruttering til dei ulike utdanningane innan landbruket
- Det må framleis vere eit sterkt offentleg engasjement i både grunnforskning og anvendt forskning
- Forsking og utvikling på genetisk materiale innan planter og dyr må kome heile næringa til gode, uavhengig av eigedomsrett til spesifikke arter eller sortar
- Landbruksforskinga må vere brukarstyrt, og det må etablerast betre kontakt med dei forskings- og utgreiingsmiljø som er av interesse for landbruk og landbruksrelatert næringsliv
- Landbruket må engasjere seg aktivt for å styrkje og samordne ressursane til landbruksforskinga som dekkjer behov i heile landet, og sørgje for at landbruket får sin del av regionale forskingsfond
- Det er behov for ny programsatsing for klimatilpassa materiale (arter og sortar), og behov for tettare samarbeid mellom anvendt forskning og utdanning (Bioforsk og Universitetet for miljø og biovitenskap, UMB)
- Norges Bondelag må verte meir tydeleg som premissgjevar m.a. vedrørande anvendt biologi, ressursforvaltning og ”grøn” utdanning på alle nivå
- Det bør arbeidast for ei samordning og effektivisering av rådgjevingstenesta i landbruket.

3 Kommunikasjon og omdømme

Norsk landbruk er avhengig av eit godt omdømme og positive haldningar til landbruket. Det har mykje å seie for forståing for landbruket i befolkninga, for moglegheit til landbrukspolitisk gjennomslag, og for sal av våre varer og tenester i marknaden. Undersøkingar viser at om lag 85 % av befolkninga vil oppretthalde eit landbruk på dagens nivå (kjelde: Synovate MMI). Norsk landbruk har eit godt omdømme. Det er viktig å vedlikehalde og styrkje dette, og Norges Bondelag arbeider på fleire område med kommunikasjon: Mediekontakt, langsiktig haldningsskapande arbeid, alliansebygging med politikkarar og organisasjonar og landsomfattande aksjonar og kampanjar.

Norges Bondelag skal formidle til alle kvifor landbruket i Noreg er viktig. Vi ønskjer å byggje eit godt og solid omdømme for norsk landbruk med ”Vi får Noreg til å gro” som vår visjon.

Haldningane *jordnære, driftige, imøtekomande* og *pågangsmot* skal prege oss. Eit godt omdømme vert til gjennom det vi seier og gjer og korleis vi opptrer, og kommunikasjonen må henge godt saman med det Norges Bondelag og heile landbruket gjer. Det er viktig at alle ledd i organisasjonen kommuniserer budskapet på ein god måte. Ein felles visuell profil skal vere med på å auke kjennskapen til Norges Bondelag.

Mål for kommunikasjonsarbeidet:

- Vedlikehalde og styrkje landbruket og bøndenes omdømme i samfunnet, samt å ”setje dagsorden” i saker som vedrører det norske landbruket gjennom ein offensiv mediestrategi
- Kommunikasjonen skal ta utgangspunkt i visjons- og verdiplattforma ”Vi får Noreg til å gro”
- Målgrupperetta kommunikasjon
- Målretta arbeid overfor ungdom gjennom nye informasjonskanalar
- Felles verdigrunnlag og budskap frå heile landbruket
- Få fram fakta og dokumentasjon om landbruket i Noreg, og vise gode døme på kva landbruket bidreg med
- Utnytte det at organisasjonen er til stades over heile landet
- Vidareutvikle ein felles visuell profil som underbyggjer det vi står for og gjev eit positivt inntrykk av landbruket.

3.1 Media

Norges Bondelag skal ha eit aktivt forhold til media, både gjennom å svare på innspel/spørsmål og gå ut med egne saker. Norges Bondelag skal vere synlege i samfunnsdebatten. Som ein del av dette er det viktig å byggje nettverk og overvake mediebialetet.

Norges Bondelag meiner:

- Det må arbeidast målretta med å setje egne saker på dagsordenen, m.a. gjennom alltid å ha aktuelle saker på bondelaget.no
- Innspel frå media skal prioriterast høgt og følgjast opp
- At kontakten med media skal vere open og ærleg, også i vanskelege saker
- Argumentasjonen vår skal vere tydeleg og målretta
- Det er viktig å byggje kunnskap og medvit om mediarbeid i alle ledd i organisasjonen.

3.2 Politisk påverking og alliansebygging

Som ein partipolitisk nøytral organisasjon vil Norges Bondelag gjennom kontakt med alle dei politiske partia arbeide for eit best og breiast mogleg grunnlag for ein framtidig landbrukspolitikk som sikrar eit miljøvenleg og aktivt landbruk over heile landet. Vi jobbar for gode kontaktar mellom politikarar lokalt, i fylka og sentralt på Stortinget og i departementa. Å gje politikarar og alliansar gode argument er viktig for å få gjennomslag for våre saker. Politikarane vert også inviterte til samarbeid og dialog om rammene for framtidens landbruks- og distriktpolitikk. Norges Bondelag vil vere aktiv i samarbeidet med organisasjonar og aktørar vi har felles interesser med.

Norges Bondelag meiner:

- Det skal jobbast systematisk og strategisk med politikarkontakt på alle nivå i organisasjonen
- Politikarane skal ha kunnskap om kva norsk landbruk betyr, og inviterast med i debatten om mål og verkemiddel
- Alliansebygging med andre organisasjonar er viktig generelt og i enkelsaker spesielt. Norges Bondelag vil m.a. samarbeide med andre næringsorganisasjonar, miljø- og solidaritetsorganisasjonar, reiselivsorganisasjonar og forbrukarorganisasjonar
- Vi skal medverke til å opprette og vidareutvikle strategiske nettverk, m.a. i internasjonale saker og miljøspørsmål
- Norges Bygdeungdomslag, 4H Norge og Norges Bygdekvinnelag er viktige samarbeidspartnarar.

3.3 Utetterretta aktivitetar og haldningsskapande arbeid

Norges Bondelag vil byggje varige positive haldningar til landbruket. Strategisk haldningsarbeid overfor barn og ungdom er viktig for å byggje langsiktige positive haldningar til landbruket. Det vil vi gjere ved å spreie kunnskap om landbruket og gje folk gode opplevingar gjennom Open gard, Den grønne skulen og andre tiltak. Norges Bondelag vil bruke aksjonar, kampanjar og aktivitetar for å synleggjere landbruket på ein positiv måte, eller understreke alvoret i saker som har mykje å seie for landbruket, bygdene og distrikta.

Norges Bondelag meiner:

- Den grønne skulen skal tilby materiell og aktivitetar som gjev kunnskap og opplevingar for barn og ungdom
- Årlege Open gard-arrangement i alle delar av landet er landbrukets viktigaste døropnar overfor resten av samfunnet
- Tiltak som motiverer ungdom for utdanning og yrkesval innan landbruk og bygdenæringar er viktig
- Aksjonar og kampanjar iverksette av Norges Bondelag skal målbere tydeleg og felles bodskap, spreie kunnskap, skape debatt og merksemd
- Lokale initiativ som kan styrkje felles bodskap og mål er ein styrke for organisasjonen
- Aksjonar og kampanjar er viktige for å setje saker på dagsordenen og skape arenaer for alliansebygging og kontakt.

4 Organisasjon

Norges Bondelag har som mål å oppnå størst mogleg tilslutning frå alle som støttar føremålet til organisasjonen. Summen av næringspolitiske resultat, fellesgode og individuelle fordelar er grunnlaget for innbetaling av kontingent.

Norges Bondelag har som ambisjon å vere ein sterk, moderne organisasjon og ein viktig aktør i samsfunnsdebatten. Ei viktig oppgåve er å skape rom for ein kultur som dyrkar gode diskusjonar og meiningsutveksling som arbeidsmåte. Viktige element i ei slik arbeidsform er openheit og tryggleik, slik at meiningsutvekslingane ikkje utviklar seg i ein negativ retning.

4.1 Aktiv organisasjon

Norges Bondelag vil ha aktive lokal- og fylkeslag som fungerer som bøndenes faglege, kulturelle og sosiale fellesskap, og som er utgangspunkt for samarbeid med andre i bygdene. Aktive tillitsvalde skal vere bindeleddet mellom medlemmene og organisasjonens utøvande organ, slik at medlemmene får innverknad og ansvar. Det er ei særleg utfordring å leggje tilhøva til rette slik at kvinner vert meir aktive i organisasjonen. Kommunal og regional landbruks- og arealforvaltning gjev både lokallaga og fylkeslaga ei viktig rolle. Det må difor leggjast til rette for gode arbeidsvilkår for lokallaga, gjerne i eit samarbeid med andre lokale landbruksorganisasjonar.

4.1.1 Medlemsverving

Høg grad av oppslutning og stort medlemstal gjev auka truverde, representativitet og forhandlingsstyrke. Medlemskontingenten er Norges Bondelags viktigaste inntektskjelde, og stort medlemstal er difor avgjerande for å sikre økonomiske ressursar til arbeidet. Medlemspotensialet er framleis stort, både mellom aktive bønder og innan nye næringar. Det er eit mål å få fleire til å sjå at det er både nyttig og nødvendig å vere organisert.

Norges Bondelag meiner:

- Den positive medlemsutviklinga må førast vidare
- Aktive bønder som framleis er uorganiserte og utøvarar av nye næringar innan landbruket, er viktige målgrupper for medlemskap
- Delen av unge og delen av kvinnelege medlemmer må aukast
- I vervearbeidet skal det vere ei tydeleg arbeids- og ansvarsfordeling mellom ulike ledd i organisasjonen, der lokallaga og aktive vervarar skal premierast økonomisk for vervearbeidet. Nye verve-tiltak skal utviklast, og profesjoniseringa av arbeidet skal vidareutviklast
- Norges Bondelag vil støtte opp om arbeidet som vert gjort av 4H Norge og Norges Bygdeungdomslag.

4.1.2 Kvinner i landbruket

Kvinnens rolle og moglegheiter til å delta aktivt i landbruket må styrkjast. Slik kan det skapast eit allsidig landbruk der kvinner og menn fungerer på like vilkår. Jenter som har odelsrett, må få kunnskap om sine rettar i følge lovverket og bevisstgjerast til eit sjølvstendig val. Avgjerdsprosessar der begge kjønn deltek, gjev eit betre og meir heilskapleg resultat i alle ledd i organisasjonen.

Norges Bondelag meiner:

- Det må framleis arbeidast for at kvinner finn seg betre til rette på alle nivå i organisasjonen. Dette er viktig for å nå målet om 40 % kvinner i styre, råd og utval
- Det må søkjast erfaringar og samarbeid med Norsk Landbrukssamvirke om auka kvinnerepresentasjon i styra.

4.1.3 Demokratiet i organisasjonen – intern kommunikasjon

Medlemskapen er direkte og personleg. Medlemmen sitt viktigaste arbeidsorgan er lokallaget. Kort veg mellom leiing og enkeltmedlem er eit mål, og enkeltmedlemmen skal til ei kvar tid kunne fremje sine synspunkt i organisasjonen. Organisasjonen skal vere den beste staden å ta opp og løyse saker for bønder og bygdene, og organisasjonskulturen må pregast av openheit og god dialog mellom medlemmene og mellom medlemmene og dei tillitsvalde. Samansetninga av tillitsvalde organ skal sikre at landbruket kan fremje sitt næringspolitiske syn samla gjennom Norges Bondelag.

God kommunikasjon mellom dei ulike nivå i organisasjonen er viktig for aktiviteten. God intern informasjon gjev medlemmene innverknad og kunnskap om avgjerder, standpunkt og arbeidsstrategiar, og er viktig for å forankre vedtak.

Norges Bondelag meiner:

- Avgjerdsprosessar skal vere opne og godt forankra i organisasjonen
- Kommunikasjonen internt skal vere samordna, kort og presis
- Bondebladet, Norges Bondelags medlemsblad, skal m.a. formidle medlemmenes situasjon, fremje ein fordomsfri debatt med stor takhøgd for medlemmene sine meiningar og engasjement, samt formidle budskap frå leiinga til medlemmene
- Regelmessig lokallagssending skal vere hovudkanalen for informasjon til lokallaga frå sentralledet. Mottakarane kan velje om dei ønskjer informasjonen på nett eller i posten
- Informasjon til lokallag og tillitsvalde skal tilpassast bruk av ny teknologi og moderne informasjonsflyt
- Møte, konferansar og kurs er viktige arenaer for intern informasjon.

4.1.4 Opplæring av tillitsvalde

Godt skolerte tillitsvalde gjev Norges Bondelag auka styrke og innverknad utetter, og sikrar kvaliteten på arbeidet. Viktige tema for opplæring er landbrukspolitikk og innsikt i politiske prosessar og arbeid, forvaltning med særleg vekt på nye forvaltingsmodellar, kommunikasjon og informasjonsarbeid, samt organisasjonsarbeid.

Norges Bondelag meiner:

- Alle tillitsvalde må gjevast kompetansetilbod tilpassa deira oppgåver på ulike nivå i organisasjonen
- Samarbeid med samvirkeorganisasjonane om kompetansetiltak på høgare nivå og leiarutvikling gjev gjensidig nytte og effektivitet
- For effektiv ressursutnytting bør opplæringstiltak i lokallaga knytast saman med andre organisasjonsaktivitetar
- Opplæringa må leggast slik til rette at offentlege støtteordningar til studiearbeid kan kome medlemmene til gode, først og fremst gjennom samarbeid med Bygdefolkets Studieforbund

- Grunnopplæring i organisasjonsarbeid og verdien av å vere organisert, er eit særskilt Bondelagsansvar
- For å få fram gode tillitsvalde, er det avgjerande med opplæring av valkomitear på alle nivå.

4.2 Medlemstilbod

Norges Bondelag skal gje rettleiing og service til medlemmer om næringspolitiske spørsmål, næringsutvikling, ressursforvaltning, juridiske saker, trygdespørsmål m.m. Det er eit mål at så mange saker som råd vert løyste på det forvaltingsnivået der dei høyrer heime.

Yrkesutøvarane i landbruket er sjølvstendig næringsdrivande, og garden vert ofte driven som enkelt-personføretak. Den enkelte bonde har ofte ikkje dei same moglegheitene som mange andre yrkesutøvarar til sosiale ytingar, fellesgode og fellesskap. Norges Bondelag vil difor arbeide for å tilby slike gode gjennom organisasjonen. I kraft av sin storleik, kan Norges Bondelag oppnå gode avtalar om individuelle medlemsfordelar.

Gjennom nettverket i organisasjonen skal Norges Bondelag ha beredskap for å kunne yte innsats og bistand ved katastrofar og liknande. Dette gjeld både for enkeltmedlemmer og for katastrofar som rammar fleire.

Norges Bondelag arbeider for og tilbyr:

- Rettleiing og service for den enkelte medlem
- Medlemstilbod på varer og tenester til rabattert medlemspris
- Yrkessosial fellesskap
- Lokal interesseorganisasjon gjennom lokallaga.

4.2.1 Samarbeid med rekneskapskontor og advokatar

Gjennom nettverket av samarbeidande rekneskapskontor og advokatar er medlemmene sikra lokal tilgang til rekneskapstenester, økonomisk og juridisk rådgjeving. Samstundes bidreg desse samarbeidspartnarane med viktige faglege innspel til Norges Bondelag sitt arbeid med skatte- og næringspolitikk, og organisasjonen vert tilført avgjerande kompetanse innan fagområda rekneskap, skatt og jus. Serviceordninga som vert tilbode landbrukets rekneskapskontor, vert drive etter sjølvkostkalkylar for å medverke til eit kostnadseffektivt tenestetilbod.

Norges Bondelag meiner:

- Samarbeidet med - og den faglege utviklinga av rekneskapskontora og advokatane i landbruket, skal framleis prioriterast. Organisasjonen skal framleis tilby eit heilskapleg tenestetilbod til samarbeidande rekneskapskontor. I dette inngår
 - kompetansehevande tiltak som fagleg oppdatering gjennom informasjonstiltak
 - kurs og anna opplæring, samt
 - effektive dataverktøy for rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving
- Landbrukets rekneskapskontor bør organiserast i noko større einingar med sikte på betre og meir effektiv tenesteproduksjon

- Den økonomiske og strategiske rådgjevinga frå landbrukets rekneskapskontor bør forberast m.a. gjennom kompetanseheving, forbeta dataverktøy og auka samarbeid mellom rekneskapskontora og andre tilbydarar av slik rådgjeving.

4.2.2 Medlemsservice – juridisk rådgjeving

Driftsøkonomi og saker av juridisk og skattemessig karakter betyr mykje både for den enkelte medlemmen og verksemda. Samstundes er det krevjande for den enkelte til ei kvar tid å halde seg fagleg oppdatert på desse områda. Stadig meir av rammevilkåra i næringa vert påverka av juridiske prosessar og bestemmingar. Norges Bondelag skal difor ha kompetanse på dette området og kunne gje råd og rettleiing til medlemmene. Norges Bondelag kan gje støtte for å føre saker av særleg prinsipiell karakter.

Norges Bondelag meiner:

- Medlemsservice ut over eit grunnivå skal betalast etter medgått tid
- Innspel/spørsmål frå medlemmer skal svarast på frå rett nivå i organisasjonen. Det må søkjast eit balansepunkt mellom individretta arbeid og arbeid for rammevilkåra i næringa.

4.2.3 Forsikringar og bank

Riktige forsikringsdekningar er ein føresetnad for at medlemmene, familien og verksemda skal ha økonomisk tryggleik.

Gjennom å opptre kollektivt, kan medlemmene få betre og rimelegare forsikringsløysingar. Medlemsfordelane skal vere unike og gje ein opplevd og reell meirverdi. Samarbeidsavtalar med forsikringsselskap inneber også at organisasjonen må ta ansvar for at forsikringsordningane og informasjonen om desse er til å stole på.

Innan landbruksfamilien er det Landkreditt med si banketablering i 2002 som skal vere Norges Bondelag sin partner i å utvikle gode banktenester for medlemmene våre.

Norges Bondelag meiner:

- At egne medlemsfordelar i form av prisar, vilkår og rabattar på forsikringsselskapa sine egne forsikringsløysingar, er ein riktig måte for Norges Bondelag å tilby medlemsforsikringar på
- At samarbeid med forsikringsselskap om førebyggjande tiltak skal medverke til å redusere talet på ulykker og skader i landbruket, og gje grunnlag for gunstig utvikling av forsikringskostnadene
- At medlemsforsikringane skal vere betre enn konkurrerande løysingar
- At medlemmer i Norges Bondelag skal få tilbod om fordelar gjennom banksamarbeid basert på produkt frå den samarbeidande banken, men til egne gunstige prisar og vilkår
- Medlemmene skal ytast bistand i spørsmål og problemstillingar knytt til organisasjonens forsikringsordningar og bankavtalar.

4.2.4 Medlemsfordelar på andre varer og tenester

Med 62.000 medlemmer har Norges Bondelag ein stor styrke i å framforhandle medlemsfordelar. Dette forsterkast ytterlegare ved at Norges Bondelag deltek i landbrukets innkjøpssamarbeid, Agrikjøp AS. Fordelane vert marknadsførde overfor Norges Bondelags medlemmer gjennom AGROL A/S.

Medlemsfordelane som vert tilbode skal helst vere driftsrelaterte, men det skal også arbeidast for medlemsfordelar på andre varer og tenester.

Norges Bondelag meiner:

- Hovudprodukta som skal tilbydast medlemmene er betalingskort, rabatt på drivstoff og energi, telefoni og rekvisita
- Det må stadig vurderast kva for andre varer og tenester det er aktuelt å framforhandle gode avtalar på.

4.3 Tilsette – administrasjon

Norges Bondelag har som mål å skape eit sekretariat som til ei kvar tid består av ein stab med kvalifiserte og motiverte medarbeidarar. Sekretariatet skal vere tilpassa dei prioriterte oppgåvene og den politiske og organisatoriske strukturen rundt i landet. Dei tilsette skal gjennom operative mål arbeide for å få resultat i tråd med dei målsetjingar og prioriteringar som organisasjonen har vedteke. Organisasjonen brukar prosjektorganisering når større arbeidsoppgåver skal løysast.

Fylkeskontora som er avdelingskontor i Norges Bondelag, samarbeider både i regionar og innan det enkelte saksfelt. Samarbeidet skal effektivisere sakshandsaminga og gje dei tilsette høve til å byggje opp meir spesialkompetanse. Det er viktig at tilsette vert sikra tilfredsstillande fagleg oppdatering og tilhøyring til fellesskapen.

Norges Bondelag meiner:

- Sekretariatet skal drivast på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte
- Dei tilsette skal liggje i front når det gjeld kompetanse på landbruks- og organisasjonsfaglege spørsmål. Dette skal sikrast m.a. gjennom løpande kompetanseutvikling
- Det skal tilbydast økonomiske vilkår som er konkurransedyktige høve til arbeidsmarknaden elles, slik at det er mogleg å tilsetje og behalde godt kvalifisert arbeidskraft
- Organisasjonen skal ha ei aktiv haldning til å oppnå likestilling mellom kvinner og menn på alle nivå i organisasjonen. Det er spesielt viktig å arbeide for å få fleire kvinner inn i leiande stillingar i sekretariatet
- Organisasjonen skal ha eit aktivt HMS-arbeid overfor sine tilsette
- Organisasjonen skal ha ein aktiv seniorpolitikk.